

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 32/2003

Møtedato: 14.5.03

Arkiv nr:

VASETFONDET – SØKNAD OM TILSKOT

Erstatningsfond for Vaset turistutbyggingsområde skal etter statuttane avviklast. Tilskot frå fondet kan gjevast til stølsbrukarar som driv husdyrhald ut frå støl i området og som kan vise til ulempe av turistutbygginga. Ved utløp av søknadsfristen den 30.4.03 var det kome inn to søknader.

Jørgen Holden søker i brev datert 8.4.03 om tilskot til inngjerding av kulturbeite på Stubbeset og til kjøp av del i Baklie fellesstøl. Arbeidet med kulturbeite er kalkulert til kr 48.800 og kjøp av del i fellesstøl til kr 14.000.

Tiltaket som er planlagt vil kunne få statleg tilskot gjennom STILK-midlar (Spesielle tiltak i landbrukets kulturlandskap). Det blir gitt tilskot på 35 til 70 % av kostnadsoverslaget. Landbrukskontoret hjelper til med å lage planer og søknad til landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i Oppland. Kjøp av del i Baklie fellesstøl kjem ikkje under denne ordninga.

VEDTAK:

Fjellstyret ser svært positivt på planane som er lagt fram og ynskjer å støtte dette med tilskot frå fondet. Fjellstyret gir kr 14.000 i tilskot til kjøp av del i Baklie fellesstøl. Før fjellstyret behandlar søknad om tilskot til opparbeiding av kulturbeite, må søkjaren fremme søknad om STILK-midlar. Når denne søknaden er avgjort, vil fjellstyret vurdere tilskot på den del som ikkje blir dekkja av STILK-ordninga.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 16.5.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Jørgen Holden
Statskog
Vestre Slidre kommune LNT